



WWF-Midt-Norge  
Koordinator: Berit Haga Vikanes  
Elgesetergate 35  
7030 Trondheim  
Tlf: +47 41 56 00 53  
E-post: midt-norge@wwf.no

WWF-Norge [www.wwf.no](http://www.wwf.no)  
Kristian Augustsgate 7a,  
Pb. 6784 St. Olavs plass  
N-0130 Oslo  
Tlf: +47 22 03 65 00  
E-post: info@wwf.no

## **Fylkesmannen i Sør-Trøndelag ved saksbehandlar**

**Eldar Ryan,  
Miljøvernavingdelinga  
Statens Hus  
7469 Trondheim**

Vår dato:  
21.01.2009

Dykkar dato:  
13.11.2008

Dykkar ref.:  
2008/6860

### **Høyringsuttaling til vern av skog på Statsskog, OVF og gjennom frivillige avtalar med private grunneigarar.**

WWF stiller seg svært positive til vern av skog på Statsskog, OVF og gjennom frivillige avtalar med private grunneigarar. Med denne prosessen vil eit auka areal bli verna, der i blandt den høgst verdifulle naturtypen kystgranskog (boreal regnskog).

#### **Verdfulle område for vern**

Stortinget har vedtatt å stanse tapet av biologisk mangfald innan 2010, og i det høve er det viktig å få verna eit større skogsareal i Noreg. Noreg er og forplikta til dette, både gjennom Biodiversitetskonvensjonen og Bernkonvensjonen. I tillegg finn ein meir enn halvparten av det norske artsmangfaldet i skogen (Framstad et al. 2002). I dag er det for lite vern av alle skogtypar her i landet, og fleire vert truga av øydeleggjande hogst og arealendring. Ein av desse skogtypane er kystregnskogen, som er unik i europeisk samanheng. Der finst det sjeldne artar som for eksempel den spesielle samansetnaden av lavartar, det så kalla "trøndelagselementet" (Håpnes 2004). Flatehogst har redusert denne skogtypen med 70-90 % dei siste 60 åra, og eit vern av områda i Rapport 6-2008 vil bidra til å ta vare på nettopp denne naturtypen for framtida. I tillegg til kystregnskogen er det ei rekkje sjeldne og verdifulle artar og naturtypar som verna gjennom denne verneplanen.

Stortinget bestemte gjennom St.mld. nr. 25 (2002-2003) å auke skogvernet, og frå vitskapleg hald har det vorte framsett at vernebehovet sannsynligvis er 9,3% av produktivt skogsareal (Framstad et al. 2002). WWF understreker at arealmålet i mangelanalysen er eit minimumsmål. Det er eit godt stykkje igjen, ettersom det i dag kun er verna 1,55%. Ei freding av områda i Rapport 6-2008 vil vera eit viktig tilskot til verneareala, og det er gledeleg å sjå at 5,3% av den produktive skogarealet vil bli verna i Nord-Trøndelag etter denne verneprosessen.



WWF-Midt-Norge  
Koordinator: Berit Haga Vikanes  
Elgesetergate 35  
7030 Trondheim  
Tlf: +47 41 56 00 53  
E-post: midt-norge@wwf.no

WWF-Norge [www.wwf.no](http://www.wwf.no)  
Kristian Augustsgate 7a,  
Pb. 6784 St. Olavs plass  
N-0130 Oslo  
Tlf: +47 22 03 65 00  
E-post: info@wwf.no

## Kommentarar frå WWF

WWF håpar at det i desse tilfella er viktige og verdifulle område som vert verna gjennom ordninga frivillig vern, og at dette ikkje er område skogeigar har valgt ut for å « bruke opp » vernet dersom viktigare og betre område ikkje vert føreslått.

Det er svært viktig med samanhengjande skogområde, noko som vert presisert i NINA Fagrapport 54 og i St. Mid. nr. 25 (2002-2003). WWF ser fleire potensielle område i Rapport 6-2008 der ein kan slå saman to verneområde til eit, og slik få eit verna område med eit større kjerneområde, samtidig som ein minskar kanteffektane:

- Lokalitet Møytla, som er delt opp i to område.
- Muru, Skograubekken og Storbekken.

Vidare kommentarar:

- Lokalitet Klårtjønnhaugen:

*Det er utsatt fisk i sjøen, noe som trulig har utarmet det stedege kalkpåvirkede biomangfoldet innenfor dyrelivsfaunaen.* WWF meiner at dette bør undersøkjast nærare, og om mogleg setje i gang tiltak for å få dette særprega kalkpåverka biomangfoldet tilbake i området.

- Lokalitet Skograuberga utvidelse:

WWF ser at Statskog har trekt ei alternativ grense, noko WWF vil strekt fraråde å følgje, ettersom dette vil medføre tap av den verdifulle skog-myr-mosaikken ein finn der.

- Lokalitet Almdalen-Ekorndalen:

*Det er skisser til vindkraftanlegg i tilgrensede fjellområder.* WWF ber fylkesmannen ta omsyn til dette verna området i byggje- og driftsfasen av dette prosjektet.

- Lokalitet Bangsjøan:

Denne lokaliteten har ei ugunstig form, og WWF vil derfor anbefale å lage til nye grenser der ein minskar kanteffektane gjennom ei betre form av det verna området.

- Lokalitet Mjøsund:

*Vannkraftproduksjon i området.* WWF oppmodar til å halde oppsikt med denne produksjonen, og ikkje la det påverke det nye verna området i for stor grad. Samstundes er det skissert opp to alternative grenser på denne lokaliteten, og WWF ber fylkesmannen om ikkje å velje den alternative grensa, ettersom det vil føre til større kanteffektar.

- Lokalitet Mariafjellet:

*Området grenser til Limingen, som er eit kraftmagasin.* WWF oppmodar til å halde oppsikt med kraftmagasinet, og ikkje la det påverke det nye verna området i for stor grad.

- Lokalitet Muru:

*Betydlige bruksinteresser, i form av planer for mulig vanninntak til kraftstasjon, hytter i tilknytning til området, og transport og herunder ønske om bygging av bro over elva.* WWF ser at det er mange bruksinteresser i dette området, og vil oppmode om at planane om mulig vanninntak vert stoppa dersom dette vil påverke området. Det er også viktig at aktiviteten kring hyttene vert holde eit auge med.



WWF-Midt-Norge  
Koordinator: Berit Haga Vikanes  
Elgesetergate 35  
7030 Trondheim  
Tlf: +47 41 56 00 53  
E-post: midt-norge@wwf.no

WWF-Norge [www.wwf.no](http://www.wwf.no)  
Kristian Augustsgate 7a,  
Pb. 6784 St. Olavs plass  
N-0130 Oslo  
Tlf: +47 22 03 65 00  
E-post: info@wwf.no

- Lokalitet Holdeslia:

Denne lokaliteten har ei ugunstig form, og bør få ei breiare tilkopling til det eksisterande verneområdet, der vatnet verkar som ei naturleg grense å følgje.

- Lokalitet Finnvoll-dalen-Esplingdalen:

*Sentralt i området ligger de tre fraflyttede Finnvollen-eiendommene, med store areal med gammel jordbruks- og kulturmark.* Disse områda bør kartleggast, og ein skjøtsel plan utviklast dersom ein vil halde dei i hevd. Dersom dei ikkje vert skjøtta kan ein miste verdifulle artar- og artssamansettingar i området.

*Det er gammel dam i Espingdalen.* WWF ber fylkesmannen halde eit auge med denne dammen, og ta grep dersom den påverkar området i negativ retning.

*Private enklaver i Finnvoll-dalen.* Det er ønskeleg at det området midt i reservatet kjem med i planen, ettersom det er betre med eit stort samanhengande område med eit intakt kjerneområde.

*Bruk av reservatet til miljøtilpasset reiselivsvirksomhet etter plan.* Det hadde vore ønskeleg med ein meir detaljert plan tilgjengeleg for gjennomgåing.

Det er vidare viktig å her velje den største grensa, både med tanke på arrondering og det å verne den verdifulle eldre naturskogen ein finn her.

- Lokalitet Dale:

*I området ligger det en eiendom som ikke er med i verneforslaget.* Som i lokalitet Finnvoll-dalen-Esplingdalen er det ønskeleg at det området midt i reservatet kjem med i planen, ettersom det er betre med eit stort samanhengande område med eit intakt kjerneområde.

- Lokalitet Høgmannen-Høysjøen:

*Gammel gruvedrift i Malså, setre og betydelig tilgrensede hyttebebyggelse.*

Aktiviteten i samband med desse faktorane bør haldast eit auge med, og det bør takast grep dersom den påverkar det verna området i negativ retning. Det er vidare lagt ut to skisser til grenser, og WWF oppmodar til å velje plan A. Ved å

velje dette alternativet får ein eit større samanhengande område og ei betre grense med eksisterande naturreservatet i området. Vidare burde ein fått ei større grense med Blåfjella- Skjækerfjella Nasjonalpark for å minske kanteffekten. Det er viktig at ein får eit så stort område som mogleg verna her, ettersom dette er det einaste verkeleg store området i denne høyringa.

- Lokalitet Ramsås:

WWF vil komme med eit forslag til betre arrondering etter forespørsel frå fylkesmannen: Ta med områda mellom vegen og Kaldvassmyra Naturreservat.

- Lokalitet Tverråa:

Det er i denne lokaliteten viktig å også følgje med aktivitetar oppstrøms, ettersom desse vil påverke bekkeløfta her.

- Lokalitet Grønningen- Elgvadfoss:

WWF vil oppmode fylkesmannen å ta med Vigdevatnet i denne lokaliteten for å få ei betre arrondering av området.

- Lokalitet Rennen:

*Rennen er vannkilde for Stjørdal.* I denne lokaliteten er der viktig at vannkilda ikkje på verkar det verna området i negativ grad.

- Lokalitet Fjelløya:

*Inn under Gravklumpen er det på rasmark utviklet en flersjiktet og ganske gammel lauvskog, med mye selje og mye døde lauvtrær.* WWF synast det er uheldig at dette området (kjerneområde 2) ikkje er kome med i verneforslaget, og



WWF-Midt-Norge  
Koordinator: Berit Haga Vikanes  
Elgesetergate 35  
7030 Trondheim  
Tlf: +47 41 56 00 53  
E-post: midt-norge@wwf.no

WWF-Norge [www.wwf.no](http://www.wwf.no)  
Kristian Augustsgate 7a,  
Pb. 6784 St. Olavs plass  
N-0130 Oslo  
Tlf: +47 22 03 65 00  
E-post: info@wwf.no

vil oppmode om at grensene vert trekte slik at dette viktige området også vert verna.

### **Oppretthalding av aktivitetar**

WWF ser positivt på at jakt, fiske og sanking av bær kan fortsetje som tidlegare i dei verna områda. Det same er tilfellet med beiting, ettersom slike aktivitetar forstyrrar i liten grad verneverdiane som naturreservata skal verne om. Forsatt beite vil bidra til oppretthalding av kulturlandskapet, men WWF vil oppmode til å halda eit strengt oppsyn med antal dyr på beite, ettersom det er lite ønskeleg med eit for stort beitepress i reservata.

WWF vil i mellomtida understreke at det er viktig å halda god kontroll med bruk av sykkel, hest og kjerre i reservata, då dette kan gi betydelige og varige sår i terrenget. Det er derfor naudsynt å merke godkjente vegar tydelig, samstundes som det vert opplyst om at ferdsel utanom dei godkjende vegane er strengt forbode.

### **Motorisert ferdsel**

Det bør vera minimum motorisert ferdsel i eit verna område. Det er viktig å halda god kontroll ved bruk av terrenggåande beltekjøreyt ved uttransport av felt storvilt, samt bruk av snøscooter i samband med transport til hytter. Dette gjeld blant anna kjøring som vert gjort utover det som er tillate i forslaget eller ved bruk av andre kjøreyt som følgje av dispensasjon. Når det gjeld søknadar om dispensasjon frå reglar bør dette utøves svært restriktivt, i tillegg til at det vidare må kontrollerast at gjeldande lover for motorisert ferdsel vert overhaldt.

### **Tekniske inngrep**

WWF ser at det går kraftlinjer og vegar i nokon av lokalitetane, og vil derfor be fylkesmannen om å halde eit auge med aktiviteten kring desse, og passe på at dei ikkje vert ei spreingskjelde inn i dei verna områda.

Med vennleg helsing

Berit Haga Vikanes  
WWF Midt-Norge

### **Litteratur:**

Framstad, E., Økland, B., Bendiksen, E., Bakkestuen, V., Blom, H. og Brandrud, T.E. 2002. *Evaluering av skogvernet i Noreg*. NINA Fagrapport 54: 1-146.

Håpenes, A. 2004. WWFs verneplan for å bevare Norges fantastiske skognatur. WWF fagrapport 3/2004.